



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal og samfunnsplanavd.
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2962 - 17/6697

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
04.04.2017

Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF - og for arealkrav bygd areal, for bygging av generasjonsbustad/kårhus på Langeland, gbnr 24/7.

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå Frank Rune Dale om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF – og frå kommuneplanen sine planføresegner kt 1.6.14 – arealkrav bygd areal (BYA) –, jf plan- og bygningslova § 19- 2, for oppføring av generasjonsbustad/kårhus på Langeland, gbnr 24/7.

Planstatus:

Gbnr 24/7 er ein landbrukseigedom på 77138 m². Deler av eigedomene r i kommuneplanen sin arealdel regulert til bustad. Omsøkt tiltak ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF – og for arealkrav for bygd areal, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfor: www.nordhordlandskart.no

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Statens vegvesen til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for bygging av generasjonsbustad/kårhus GBNR 24/7

Situasjonsplan Langeland gård.pdf

Planteikning.pdf

Fasadeteikning.pdf

24-7 1_1000

24-7 1_3000

Kopi til:

Frank Rune Dale

Sagstadvegen 67 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal og 5020
samfunnsplanavd.

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavd. 5020

BERGEN

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4 6863

LEIKANGER